

Norconsult AS Avd Bergen
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/3305 - 21/28655

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

29.04.2021

Planstatus for tiltak i sjø - gbnr 103/48 m. fl. Fjellanger

Det er gjennomført førehandskonferanse med Norconsult og Alver kommune om forsterking av industrivassforsyninga mot Mongstadorrådet den 27.04.2021. Planlagt tiltak gjeld utviding av eksisterande pumpestasjon, eller oppføring av ny, på gbnr 103/48, samt etablering av ny pumpeledning mellom Vågseidetvatnet og Sjursetvatnet. Eksisterande ledning skal fjernast. Pumpeledningen vil gå delvis i sjø og delvis på land.

Tiltaket krev løyve etter både plan- og bygningslova og Lov om havner og farvann.

Ledningen i sjø ligg i sin heilskap innanfor Kommunedelplanen for Lindåsosane og Lurefjorden, planid 1263-200810. Arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag fleirbruksområde (NFFF) med unntak av arealet i Syslakvågen som er avsett til gyteområde (GP). Arealet på land er avsett til LNF-føremål.

Sjøområdet ligg innanfor den marine verneplanen for Lindåsosane og Lurefjorden. Statsforvaltaren i Vestland har gitt dispensasjon frå verneforskrifta i vedtak datert 18.03.2021.

Det er kommunen si vurdering at tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet på land og plan- og bygningslova § 1-8, men at tiltaket er i samsvar med arealføremålet i sjø.

Det går fram av føresegn 5.2 i kommunedelplanen at utlegging av sjøledning for vatn og avløp ikkje vil vera i strid med arealføremålet NFFF i sjø. Det går vidare fram av føresegn 5.19 at det ikkje kan gjennomførast tiltak på eller i nærleiken av gyttefelt som kan hindra gyttesuksess. Søknadar om tiltak /inngrep i gyteområde skal leggest fram for fiskeridirektøren for uttale før vedtak vert fatta. Her legg vi til grunn at avklaringa som er gjort kring gyttefeltet i Statsforvaltaren sitt vedtaket om dispensasjon frå forskrifta til den marine verneplanen er tilstrekkeleg avklaring i forhold til føresegn 5.19, men at kommune likevel vil senda ein søknad om løyve til å etablere tiltaket til fiskeridirektoratet slik føresegna legg opp til.

Vedlagt følgjer kart som var grunnlag for gjennomført førehandskonferanse og vedtak frå Statsforvaltaren

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi av brev frå statsforvalteren
kart
Teikning

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Norconsult AS Avd Bergen

Postboks 1199 Sentrum

5811

BERGEN